



**VOSS KOMMUNE**  
Kommunalavdeling tekniske tenester

ARKITEKTBRUKET ANS  
Postboks 123

5701 VOSS

Vår ref 13/1102-8      Etat/ avd. TE      Saksbeh. STK      Ark. GBNR 48/138      Dykkar ref.      Dato 24.03.2014

**IGANGSETJINGSLØYVE - KUNSTGRASBANE PÅ GNR. 48 BNR. 138  
PRESTEGARDSMOEN**

**Saksnr D FPL 145/14**

Søknad om igangsetjingsløyve er motteken her 13.03.14.

**Gjeld:** *Kunstgrasbane*  
**Byggestad:** *Prestegardsmoen*  
**Eigedom:** *48/138*  
**Tiltakshavar:** *VOSS FOTBALL AS*

|                 | Fagområde og tiltaksklasse                       | Føretak            | Org.nr      |
|-----------------|--|--------------------|-------------|
| <b>ANSVSØK:</b> |  | ARKITEKTBRUKET ANS | 974346990   |
| <b>ANSVPRO:</b> | Overvassanlegg, terrengbehandling mm, tilt.kl. 1 | COWI AS            | 979 364 857 |
| <b>ANSVUTF:</b> | Terrenghandsaming, tilt.kl. 1                    | Ekhaug Maskin AS   | 957 431 526 |

**1. Søknaden gjeld**

Det vart gitt rammeløyve for kunstgrasbane den 30.01.14, sak D FPL 808/13.

Det vert no søkt om igangsetjingsløyve for "graving i sørenden av Eksperthaugen".  
Det vart gitt mellombels igangsetjingsløyve på e-post 14.03.14.

**2. Vurdering av søknad:**

Kommunen minner om avtale mellom Voss kommune og Voss Fotball AS datert 23.01.14, vår sak 10/753, spesielt pkt. 2 andre avsnitt:

Under byggeperioden skal det takast omsyn til faren for ureining av drikkevasskjelda. Maskiner som vert nytta til arbeidet må flyttast ut av område etter avslutta arbeid for dagen. Dette for å hinda lekkasjar frå maskiner som kan føra til ureining av drikkevasskjelda.

**Plan- og bygningsmynde legg til grunn at ansvarleg søkjar vidareformidlar aktuelle krav til utførande føretak. Dette løyvet, med dei kart og teikningar det viser til, skal alltid vera tilstades på byggeplassen. Eventuelle endringar må godkjennast av kommunen før dei kan gjennomførast.**

**Vi minner om at det ikkje må utførast arbeid utover det som er omfatta av igangsetjingsløyvet.**

**Vedtak:**

Ein viser til saksutgreinga:


I medhald av § 20-1 plan- og bygningslova vert det gjeve igangsetjingsløyve for "graving i sørenden av Eksperthaugen" i samsvar med søknad med følgjande atterhald og merknader:

1. Plassering skal skje i høve til godkjent situasjonsplan. Det er tillate maksimalt avvik i plassering; horisontalt: 0.30m, vertikalt: 0.50m.
2. Når byggearbeidet er ferdig og naudsynt sluttdokumentasjon føreligg skal det søkjast om ferdigattest, jf. § 21-10 i plan- og bygningslova.
3. Arbeidet skal utførast etter plan- og bygningslova med underliggjande regelverk.

Er ikkje arbeidet igangsett seinast 3 år etter at søknad er sendt kommunen fell løyvet bort. Det same gjeld dersom arbeidet vert innstilt for lengre tid enn 2 år, jf. pbl § 21-9. Kommunen kan når som helst, og inntil 5 år etter at ferdigattest er gitt, gjennomføre tilsyn, jf. pbl § 25-2.

*Vedtaket kan påklagast, jf. plan og bygningslova § 1-9 og forvaltningslova § 28. Eventuell klage må framsetjast skriftleg til kommunen innan 3 veker etter at melding om vedtak er motteken, jf. forvaltningslova § 29.*

Med helsing

  
Stefan Karlstrøm  
fagleiar byggesak

Kopi til: VOSS FOTBALL AS, v/ Voss Idrettshall, 5700 VOSS  
Møtebok for utvalet